



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Samferdsleavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN
☒

Behandlende enhet:
Region vest

Saksbehandler/innvalgsnr:
Knut Helge Olsen -

Vår referanse:
2015/105214-002

Deres referanse:

Vår dato:
25.08.2015

U

Skilting E134 Jøsendal, Kløvet

I møteboka frå fylkesutvalet sitt møte 18.06.15 er teke inn følgjande frå open time:
Representanten Benthe Bondhus (Sp) sende slikt spørsmål til fylkesordføraren:

"I fylkesutvalet 19. mai gjorde eg fylkesutvalet merksam på at skilt er fjerna frå kryss v E134 (Jøsendal, Kløvet). Ved grundigare søk på eiga hand er eg "rysta" over det eg finn som faktaunderlag for dette.

Det er då no slik at vegfarande på E134, både frå sør og aust, ikkje får noko varsel om destinasjonane Bergen, Rosendal, Jondal, Årsnes, verken ved namn eller stipla visning til vegnummer. Dette er tilsvarande når ein kjem nordvest frå i det ein kjem inn til Odda sentrum. Folgefonntunnelen opna i 2001. Det tok sju år før det kom opp skilt som fortalde dei vegfarande om moglegheitene ein no hadde ved Jøsendalskrysset på E134. Sju år seinare, no er skilta fjerna.

Eg legg ved offentlege dokument av korrespondanse mellom Hardangerbrua as og Statens vegvesen. Kan Hordaland fylkeskommune som største aksjonær i Hardangerbrua as. vera samd i slik saksgang. (Eks. manglande trafikkprognosar, ledig kapasitet, e-post merka internt arbeidsdokument osv.)

Vonar eg kan få eit kjapt svar, då det er krefter som pressar på for at dette må fram i ljuset. " Det vil kome svar i neste møte»

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Spørsmåla vart presisert i elektronisk post til Hordaland fylkeskommune den 24. juni 2015
Desse er:

«1. Norge er dårleg på skilting og informasjon. Hordaland Fylkeskommunen kan no gå i spiss (vera pilot) for å retta opp i dette.

2. Korleis kan fylkeskommunen setja rammer og premisser for skilting av naudsynte visninger til trafikk-knutepunkt. Eksempel; fergesamband, kjente destinasjonar og turistmål, som til dømes Stiklestad, Preikestolen, Tyssedal/Trolltunga, Rosendal, Lyngheisenteret og Kinsarvik mm.

3. Eg ber om at dette vert sett på sakskartet for politisk behandling, tidleg haust 2015»

Stetens vegvesen har ansvaret for ei forsvarleg skilting i denne saka. Tilhøva vert regulert av «Forskrift om offentlige trafikkskilt, vegoppmerking, trafikksignaler og anvisninger» (skiltforskriften) (<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-10-07-1219>), og skilthandboka «N300» (skiltnormalen) (<http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker/handboker-etter-hovedtema/trafikksignalanlegg-vegoppmerking-trafikkskilt-arbeidsvarsling>).

Del 5, som omhandlar verksemdsskilting (blå, kvite og brune skilt) er no i revisjon og på høyring fram til 01. september 2015. Hordaland fylkeskommune står fritt til å kome med innspel i høyringa (www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Offentlige-hoeringer)

Statens vegvesen gjennomgår med jamne mellomrom skiltinga på vegnettet i Hordland, og oppjusterer skiltparken iht. dei rammer og retningslinjer som til ei kvar tid er gjeldande. Vegvesenet strekkjer seg langt for å imøtekomme dei behov og ønskje som ligg føre i slike prosessar, der dette er mogleg.

Statens vegvesen har etablert ei gruppe som skal utarbeide forslag til nye vegruter og visningslister for fylkesvegnettet i Hordaland.

Det er eit ønskje at Hordaland fylkeskommune og er representert i denne gruppa.

Den nemnde skiltinga vart og fremja som spørsmål til stortingets spørjetime den 30. juni 2015 av Kjersti Toppe (Sp) (<https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/skriftlege-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=63138>). Samferdsleminister Kjetil Solvik-Olsen svara då følgjande:

«Visningsmål langs riksvegnettet er fastsett i visningslistene for riksveg for å oppnå heilskapleg og kontinuerleg skilting på riksvegane. Listene er likevel vanskelege å framstille uttømmende – det må også brukast noko skjøn ved planlegging av skilta i kvart enkelt kryss.


Det føreligg ikkje oppdaterte visningslister for fylkesvegane i Hordaland som er tilpassa endringane etter forvaltningsreforma og endra reisemønster som fylgje av fleire større veganlegg (Folgefonn-tunnelen, Jondalstunellen, Hardangerbrua). Derfor er det nyleg nedsett ei gruppe som skal vurdere justeringar av vegruter/vegnummer og visningsmål. Det skal vere lokal/politisk medverknad ved utarbeiding av visningsplanar/visningslister, og fylkeskommunen avklårar i desse dagar på kva måte dei vil vere representert i gruppa.

Resultatet av arbeidet må på høyring før det vert gjort gjeldande. Eg legg til grunn at skiltinga til Rosendal og Baroniet i Rosendal vil bli handsama i dette arbeidet.

Som eit mellombels tiltak, fram til arbeidet med å utarbeide visningslister er fullført, vil skiltet i Jøsendalkrysset på min oppmoding bli sett opp igjen.»

Gruppa som skal utarbeide forslag til nye vegruter og visningslister for fylkesvegnettet skal vurdere korleis visningsmål bør skiltast i nemnde kryss på E-134. Som et mellombels tiltak fram til arbeidet med å utarbeide nye visningslister er fullført, vil det nemnde skiltet i Jøsendalskrysset verte sett opp att.

Vegavdeling Hordaland
Med hilsen



Olav Finne
Avdelingsdirektør



Knut Helge Olsen
Seniorrådgjevar

